

Til
Grunneigarar, naboar, lokale interesseorganisasjonar,
private og offentlege instansar.

Dato: 18.05.2022
Vår ref.: 42016/aor

STAD KOMMUNE:
REGULERINGSPLAN FOR STAD MOLO OG LEIKANGER INDRE HAMN

- **Varsel om oppstart av detaljregulering**
- **Høyring av forslag til planprogram**


Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 12-1 og 12-8 blir det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for etablering av indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet. Planen vil utarbeidast som detaljreguleringsplan, jf. pbl. § 12-3.



Figur 1: Leikanger i Stad kommune. Kjelde: Norgeskart.no

Planområdet (figur 2) er foreslått frå næringsverksemda Per Stave AS i nord, til Stad næringspark i sørøst. Planen vil avgrensast mot detaljregulering for Leikanger sentrum som er under revidering.

Moloen er planlagt som fylling, omlag 180-200 meter ut frå land på ca. kote -21. I skisseprosjektet er kvar molodel ca. 600 meter, totalt ca. 1,2 km. lang, og har ein breidde på 3,5-4,0 m. Moloarmene skal i det vidare arbeidet prosjekterast og avgrensast til den lengde og storleik som er naudsynt for å stette behovet for kaianlegg langs moloane, moloane skal deretter gå over til bølgebrytar. Fyllinga vil krevje om lag 1,3 mill. m³ sams masse. Biltilkomst til moloen vil skje via Stad næringspark og ved Per Stave AS på Stave. Fylling av moloen vil sannsynlegvis skje frå båt, frå sjøsida.



Figur 2: Førebels planområde vist med raud strek. Fyllingsfot for moloen er enno ikkje fastsett. Derfor varslast det eit relativt stort område mot sjøsida. Planområdet vil ved innsending av planforslag med konsekvensutredning berre omfatte nødvendig byggeareal, og vil sannsynlegvis vere mindre enn varsla område.

Planens namn og ID

Detaljreguleringsplan for Stad molo og Leikanger indre hamn. Plan-ID: 2022008

Tiltakshavar

Stad molo as

Plankonsulent

Feste Nordøst as, i samarbeid med Nordplan as.

Hensikten med planarbeidet

Stad molo as ønsker å etablere ei indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet, og vil slik leggje til rette for vekst og utvikling. I dag manglar Stadlandet kaier for båttrafikk for alle kategoriar. Eksisterande

kaier har ikkje kapasitet til meir bruk. Ein molo vil kome til å bli eit vern mot havet, og motverke at klimaendringane øydeleggjar eksisterande verksemder og bygningar. Slik vil den gje moglegheit for nye næringar, berekraftig turisme og gje ei trygg hamn for fiskeflåte, nyttefartøy, og båtar nytta til fritid.

Det skal byggast skipstunnel, og sprengmassar herifrå planleggast nytta for gjennomføring av prosjektet. Leikanger ligg innafor den avstand Kystverket har sett for gratis levering av steinmasse frå skipstunnelen. Med all sannsyn vil steinmassen egne seg til molo og utfylling, og til næringsareal innafor molo-vernet.

Stad molo as ønsker difor å starte arbeid med ein detaljreguleringsplan for å leggja til rette for ny molo og indre hamn ved Leikanger i Stad kommune.

Planarbeidet har som formål å:

- Bygga molo som vernar sjølinja ved Leikanger. Denne er i dag utsett for storm og uvær, samt framtidig klimaendringar.
- Legga til rette for offentleg transport via sjøvegen.
- Legga til rette for turisme og næring knytt til sjø.
- Legge til rette for utvida næringsformål – oppnå meir næringsareal og kaianlegg for næringsformål.
- Sikra god estetikk og gode visuelle kvalitetar i utforminga av molo og området.

Eksisterande plansituasjon

Kommunedelplan for sjøareal 2022-2032, Stad kommune

Kommunedelplanen skal leggja til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda til kommunen. Aktiviteten skal ikkje kome i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde, eller bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande. I kommunedelplanen er sjøområde utanfor Leikanger lagt ut til hamn, område «VHS01 Leikanger hamn». Per Stave sitt areal er i kommunedelplanen sett av til næring, og gitt nemning «BN02».

Reguleringsplan for Leikanger sentrum

Reguleringsplanen er under arbeid. Reguleringsplan for Stad molo og Leikanger indre hamn vil leggja seg inntil plangrense for plan for Leikanger sentrum.

Reguleringsplan for Stad næringspark

Aust og delvis innafor planområdet ligg reguleringsplan for Stad næringspark vedtatt i 2019. Her er det ynskje om endring og utviding i sjø og mot aust. Delar av planen vil derfor innlemmast og bli ein del av ny plan.

Krav om konsekvensutgreiing

Stad kommune v/plan og forvaltning har gjort ei vurdering av KU-plikta og kome fram til at det er krav om konsekvensutgreiing med planprogram i samsvar med Forskrift om konsekvensutredningar (2017) § 6 b).

I konsekvensutgreiing av arealformålet *VHS01 Leikanger hamn* i Kommunedelplan for sjøområda er det konkludert med at det er manglande kunnskapsgrunnlag knytt til marint naturmangfald, og at tiltaka kan få vesentleg verknad for naturmangfald, landskap, friluftsliv/nærmiljø, forureining og vassmiljø:

«Konsekvensutgreiinga viser at tiltaket gir verknad for marine ressursar, landskap og nærmiljø. Det ligg ikkje føre tilstrekkelege data for marint biologisk mangfald for området. Tiltaket sitt store omfang med fylling over store areal, og manglande kunnskap/data om marint mangfald gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensane for livet i havet.»

Ein samanhengane molo på ca. 1,2 km lengde vil gje dramatisk endra landskapsbilde. Molen vil bli svært dominerande i det opne fjordlandskapet. Bygda blir ramma inne av moloen og får i stor grad redusert visuell opplevingsverdi i forhold til i dag. Bygda er del av turistsatsing Vestkapp, og visuell verdi er ein del av reiselivsproduktet.

Omfanget på moloen bør reduserast vesentleg. Konsekvensar for marint biologisk mangfald og fiskeinteresser, visualisering av landskapsverknad, verknad for nærmiljø, og konsekvens for vassutskifting i indre hamnebasseng må kartleggast nærare.»

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg I vil vere relevant for planarbeidet:

8. b) Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe.

Følgjande punkt i KU-forskrifta sitt vedlegg II vil vere relevant for planarbeidet:

10 e) ii. Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner

iii. Utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende farleder.

10 k) Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.

11 k) Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.

I tillegg vil fleire av punkta i forskrift om konsekvensutredninger § 10, 3. ledd vere relevante, mellom anna truga artar og risiko for vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Tiltaka kan dermed føre til vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 10.

Plan og forvaltning i Stad kommune konkluderer med at det er krav om konsekvensutgreiing og planprogram i samsvar med KU-forskrifta § 6 b).

I tillegg til null-alternativet bør det greiast ut eit redusert alternativ.

Tema i konsekvensutgreiinga kjem fram av forslag til planprogrammet:

- Naturmangfald/biologisk mangfald, inkl. marint naturmangfald
- Landskapsbilde
- Nærmiljø og friluftsliv inkl. allmenne interesser i strandsona
- Vassmiljø, inkl. vasskvalitet og vassutskifting
- Forureining
- Næringsliv, inkl. reiseliv, fiskerinæring, marin næring og industri

Forslag til planprogram leggast ut på høyring samtidig som dette oppstartsvarselet sendes ut, og ligg vedlagt.

Føringar for planarbeidet

Det er gjennomført oppstartsmøte med Stad kommune, 08.04.2022. Møtereferat ligg vedlagt.

Ferdig forslag til detaljreguleringsplan vil bestå av plankart, reguleringsføresegn, samt planomtale med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse).

Medverknad i planprosessen

Detaljreguleringsplanen forhold seg til plan- og bygningslovens § 12-8 for medverknad i planprosessen og varsling om oppstart av planarbeid, og høyring av planprogram. Det vil leggast opp til samarbeid og dialog mellom tiltakshavar, kommune og konsulent i planprosessen. Møter med andre interessentar vil vurderast fortløpande.

Merknader/innspeil til planoppstart og/eller planprogram sendast elektronisk til aor@feste.no, eller ved brev til Feste NordØst as v/Anja Ø. Ryen, postboks 33, 2541 Tolga.

Frist for innsending av merknader/innspeil er 07. juli 2022.


Oppstartsvarel vil kunngjerast i Fjordene Tiende og Fjordabladet. Oppstartsvarel og planprogram er også tilgjengeleg på heimesidene:

Feste NordØst as – www.feste.no – aktuelt, varsel om oppstart

Nordplan as – www.nordplan.no

Stad kommune – www.stad.kommune.no.

Med helsing



Anja Øren Ryen
Prosjektleder